



## ULEFOSS ROTARY KLUBB

# REFERAT FRA BEDRIFTSBESØK

Dato	År	Referent
15. mars	2018	Liv Sonja Flolid

### Rotarymøte på IDEA-kompetanse, på Dagsrud, 15.03.2018.

Desse møtte fram: Olav Gaute, Bjørn Eirik, Per S, Ola V, Egil, Per H, Olav Å, Anders m. Margareth og underteikna.

Me vart tekne imot av Øystein Småkasin, konstituert dagleg leiar fram til sommaren. Han serverte oss kaffi og nydeleg «heimebakst» frå huset si kantine. Han fortalte om institusjonen og historia fram til i dag. IDEA-kompetanse er slege saman av tidlegare KANJA, Nome Kommune, og NOPRO, Notodden Kommune. Institusjonen er heileigd AS med fordeling slik: 90 % Notodden Kommune og 10 % Nome Kommune.

Småkasin gjennomgjekk sin PowerPoint-presentasjon for oss, og eg bad han sende over denne til meg, slik at eg kunne følge med i staden for å skrive.

Eg skal prøve å rekonstruere noko av det han sa:




Frå besøket på IDEA 15. mars. Dagleg leiar Øystein Småkasin til høgre

- Actus – Dette er dagaktiviteten for Nome Kommune, tidlegare arbeidsstova.
- «Full pakke» – Starta i 2008 i Nome, dette er oppfølging og rehabilitering av rusavhengige. Folka her er flotte typar som strevar med liva sine. Erfaringa er at om nokon sprekk, så er det om å gjere å hente dei inn igjen så snart som mogeleg. Peikefinger og refs har lite for seg. Det går lengre tid mellom sprekka om dei kjem raskt i gong igjen. Småkasin skryt av dei som jobbar i Nome. Denne gruppa arbeider ute, og dei tek på seg dei fleste oppdrag.
- Jobbfrukt- ny avdeling med nytilsett leiar Michael Nikolaisen. Her vert det pakka og distribuert fruktesker til heile Midt-Telemark. Privatpersonar kan også nytte seg av denne ordninga. Då vaskeriet vart flytt til Notodden, kom dette i staden.

I aksjeselskapet IDEA tek ingen ut forteneste, alt vert pløgd tilbake i bedrifta. Dei prøver å verta ei rein attføringsbedrift der alle klientane skal utplasserast i ordinære bedrifter.

NAV er den største kunden IDEA har, og det er dei som set krava.

Eg legg ved presentasjonen frå Småkasın, og de får orsake at noko er på nynorsk og resten på bokmål. Det vil ta referenten altfor lang tid å skrive om heile presentasjonen, sjølv om Per H. gjer dette innimellom.



Småkasın viser oss rundt på bedrifta. Nåler til bøting av garn på bildet til venstre. Til høgre tavla der dagens oppdrag blir gjennomgått.



Søve fabrikker er ein viktig oppdragsgivar for IDEA. Til venstre ser vi nærmare på brukte, reingjorde bildekk som nyttas i produksjonen av leikeapparat.

Til høgre: Jenter frå Ulefoss vekker åtgåum òg hjå Notoddinger!



Vi takkar for eit interessant besøk!